

Siv Måseidvåg Gamlem

Utvikling av samarbeidsformer mellom lærarutdanning og skule-/ barnehageeigarar

Prosjektrapport fase 2 (2008–2009)



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

| | |
|---------------------------|-------------------------------------------------------------------|
| Forfatter | Siv Måseidvåg Gamlem |
| Ansvarleg utgjevar | Høgskulen i Volda |
| ISBN | 978-82-7661-280-6 |
| ISSN | 0805-6609 |
| Sats | Forfattar |
| Distribusjon | http://www.hivolda.no/fou |

Siv Måseidvåg Gamlem er tilsett ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Høgskulen i Volda. Ho er høgskulelektor i pedagogikk og har i 2008–2009 vore prosjektleiar for Samarbeidsprosjektet fase 2.

Intensjonen med denne arbeidsrapporten er å vise til korleis ein har arbeidd med utvikling av samarbeidsformer mellom lærarutdanning og skule/barnehageeigar. Fokus i arbeidet har vore å utvikle (etablerte og nye) modellar for samhandling om kompetanseutvikling. Arbeidsrapporten er tenkt som eit bidrag til aktørar i ei slik samhandling: skuleeigarar, skuleleiarar, fagtilsette ved høgskular og lærarar ved øvingskular.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål. Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og FoU-leiar ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Innhold

| | |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| Innleiing..... | 4 |
| Leiing og styring av prosjektet..... | 5 |
| Fokusområde for fase 2..... | 5 |
| Organisering og innhald av samarbeidsprosjektet – to delprosjekt..... | 7 |
| <i>Styringsmodellen for fase 2 i samarbeidsprosjektet.....</i> | <i>8</i> |
| <i>Føringar for styringsmodellen</i> | <i>9</i> |
| <i>Innhald og struktur i delprosjekta.....</i> | <i>10</i> |
| Delprosjekt (1): ”Samhandling om kompetanseutvikling – elevvurdering” | 10 |
| Delprosjekt (2): ”Nye samhandlingsstrukturar i og mellom barnehageeigarar og HVO gjennom kompetanseutvikling og fokus på øvingsopplæringa” | 12 |
| Deltakande institusjonar i prosjektet | 13 |
| Kartlegging og analyse..... | 14 |
| <i>Delprosjekt (1).....</i> | <i>14</i> |
| Skuleeigar – skuleleiarar | 16 |
| Lærarar i grunnskulane..... | 18 |
| Fagtilsette ved høgskulen | 22 |
| <i>Delprosjekt (2).....</i> | <i>25</i> |
| Utgangspunkt for vidare arbeid – fase 3..... | 26 |
| Budsjett | 27 |
| Referansar | 28 |

Innleiing

For studieåret 2008/2009 vart Høgskulen i Volda (HVO) tildelt ressursar frå Utdanningsdirektoratet for å vidareføre eit prosjekt om utvikling av samarbeidsformer mellom lærarutdanning og skule-/barnehageeigar. Studieåret 2007/2008 hadde høgskulen gjennomført fase 1 i prosjektet og ynskte å gå vidare i ei fase 2.

Fase 1 vart gjennomført hausten 2007–våren 2008. I denne fasen vart eksisterande samarbeidsaktivitetar mellom HVO og skule- og barnehageeigarar kartlagde og analyserte (Aarflot & Bergem, 2008). Identifisering av forbetringspotensial ved dei eksisterande samarbeidsformene var eit sentralt mål. Gjennom kartlegginga kom ein fram til nokre prinsipp knytte til praksisopplæringa:

- Heile skulen er praksisarena for studenten, der studenten si praksisopplæring går føre seg i eit profesjonelt praksisfellesskap i skulen som organisasjon.
- Studentane vert knytte til éin skule for eit heilt skuleår (studieår)
- Organisering av studentane (grupper og individuelt) skal sikre optimal praksiserfaring for den einskilde studenten.
- Det skal etablerast eit felles fora for praksisopplæring der innhald, progresjon og evaluering av praksisopplæringa vert eit felles ansvar for faga, pedagogikk og praksis.

Prinsippa gjeld særleg praksisopplæring, men samarbeidsformer som vart skisserte på grunnlag av kartlegginga, er også brukte inn mot samarbeid på andre område, som kompetanseutvikling, utvikling av FoU-aktivitet m.m.

Søknad om tildeling for fase 2 vart sendt 11. april 2008, og utbetalingsbrevet frå Utdanningsdirektoratet er datert 20. mai 2008.

23. juni 2008 vart det sendt ut eit notat frå Utdanningsdirektoratet (ref. 07/1934) ”Rapport fra prosjekt Utvikling av samarbeidsformer mellom lærarutdanning og skule-/barnehageeier – vår 2008”. Dette notatet beskrev resultat frå fase 1 i prosjektet og gav ei oversikt og refleksjonar for eit vidare arbeid for dei involverte institusjonane i fase 2.

I samband med eit erfaringsdelingsseminar som Utdanningsdirektoratet arrangerte på Gardermoen våren 2009, vart det frå prosjektleiaren ved HVO sendt inn ei undervegsrapportering den 21. januar 2009, og no viser vi til prosjektrapporten frå fase 2 i prosjektet.

Prosjektrapporten vart lagt fram i møte for styringsgruppa i prosjektet den 26. mai 2009 for orientering og godkjenning.

Leiing og styring av prosjektet

Prosjektet ved HVO har vore organisert som eit integrert prosjekt som omfattar ulike aktørnivå i allmennlærerutdanninga og førskulelærerutdanninga og skule-/barnehageeigar.

Prosjektet tilhøyrrer organisatorisk og administrativt Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) ved Høgskulen i Volda. Prosjektet har vore tilknytt prosjektleiar Siv Måseidvåg Gamlem som har primær tilknytning til prosjektet si styringsgruppe og leiarforum, i tillegg til å vere fagleg leiar av ei tverrfagleg utviklingsgruppe ved HVO (vurderingsgruppa) som er involvert i prosjektet.

Prosjektleiaren har rapportert til dekanen for avdelinga, Rakel Christina Granaas, og styringsgruppa.

Fokusområde for fase 2

Utgangspunktet for fokusområde i fase 2 for prosjektet ved Høgskulen i Volda var at organisering av høgskulen sin praksismodell i allmennlærerutdanninga skulle justerast og at ei utprøving for ein ny praksismodell (jf. PIL-prosjektet) skulle vere hovudinnhald. Men i påvente av den nye stortingsmeldinga om lærerutdanning (St.meld.nr.11, 2008/2009) såg vi i prosjektgruppa at det kunne vere ugunstig å starte utprøving av ein ny praksismodell når rammene og praksis for den nye lærarutdanninga ikkje var kjent. Vi såg det slik at den nye stortingsmeldinga (St.meld nr. 11) om lærarutdanninga ville kunne seie noko om ein eventuell ny praksismodell, så på grunnlag av dette såg høgskulen det som lite ynskjeleg å gjere endringar i den etablerte praksismodellen før ein var gjort kjent med eventuelt nye føringar.

I eit notat fra Utdanningsdirektoratet 23. juni 2008 (ref: 07/1934) med utgangspunkt i arbeid frå fase 1 og fokus for ulike prosjekt i fase 2 kunne vi lese:

Samarbeid mellom lærerutdanningen og skole-/barnehageeierne er etter direktoratets oppfatning nødvendig for å sikre kompetente førskolelærere og lærere i barnehage og i grunnopplæring. Dette berører ikke bare utdanningskvaliteten i lærernes grunnutdanning, men også kvaliteten i etter- og videreutdanningen av lærere, noe som igjen fordrer tilgang på oppdatert, relevant og praksisbasert forskning og kunnskap. Det er derfor positivt at både grunnutdanning, etter- og videreutdanning og FoU inngår i mye av det arbeidet som utføres. Det bør imidlertid fortsatt arbeides med å inkludere flere felles ansvarsoppgaver i modellene, f.eks. veiledning av nyutdannede lærere og ulike utviklingsprosjekter, slik at mest mulig av samarbeidet settes i system og nyttiggjøres på best mulig måte. Utviklingsarbeid knyttet til store nasjonale satsinger som K-FOTH og Prosjekt bedre vurderingspraksis, nevnes eksempelvis i liten grad i denne sammenhengen. Direktoratet vil arbeide for at også samarbeid som springer ut av disse prosjektene inkluderes i de berørte institusjonenes arbeid med å strukturere og samordne samarbeidet.

Med grunnlag i dette ynskte vi å justere prosjektet ved HVO i fase 2 til å legge eit fokus på utvikling av ein samarbeidsmodell for kompetanseutvikling for involverte aktørar i lærerutdanninga. Innholdet i utprøvinga ville vere retta mot sentrale område relatert til den nye reforma Kunnskapsløftet. Prosjektgruppa ville gjennomføre dette gjennom å utvide og utvikle dei samarbeidsformene vi alt har etablert mellom høgskulen og skuleeigar.

HVO i samarbeid med skuleeigarar ynskte såleis i fase 2 å prøve ut ein gjennomføringsmodell med utgangspunkt i kompetanseutvikling for skuleeigar, skuleleiar, lærarar i praksisskular og fagtilsette ved HVO relatert til tema elevvurdering, med utgangspunkt i at dette kunne vere eit middel for å skape eit tettare og bedre samarbeid om samhandling og felles kompetanseheving i lærerutdanninga.

Intensjon og fokus for fase 2 i prosjektet vart såleis å utvikle ein modell som kan nyttast som samarbeidsform med utgangspunkt i kompetanseheving og samhandling mellom lærerutdanning og skuleeigar (praksisskular), og å auke eigen (fagtilsette v/HVO) sin kompetanse, studentar sin kompetanse og praksisfeltet sin kompetanse på tema elevvurdering – bedre vurderingspraksis.

Barnehageeigar og førskulelærerutdanninga skulle også vere med i fase 2, og her ynskte dei involverte i førskulelærerutdanninga å utvikle eit leiarforum for samhandling likt det som er etablert for allmennlærerutdanninga.

Organisering og innhald av samarbeidsprosjektet – to delprosjekt


Prosjektet ”Utvikling av samarbeidsformer mellom lærarutdanning og skule-/barnehageeigar” skulle involvere både førskulelærerutdanninga og allmennlærerutdanninga ved Høgskulen i Volda for fase 2 i prosjektet. Dette gav nokre utfordringar i å finne samnemnar, då ein hadde ulike ynskje og ulike fora og system for samhandling med praksisfeltet. Såleis vart det bestemt at ein skulle utforme to delprosjekt for å få utvikle ei samhandling best mulig ut frå det etablerte og det særpreget kvar av utdanningane opplevde å ha. Desse to delprosjekta vart definerte slik:

- Delprosjekt (1) ”Samhandling om kompetanseutvikling – elevvurdering” har hatt fokus på å utvikle samarbeidsformer mellom allmennlærerutdanninga og skuleeigar (praksisskular). I dette delprosjektet ville vi **prøve ut ein gjennomføringsmodell der kompetanseutvikling relatert til tema elevvurdering, skulle vere middel for å kunne skape eit tettare og bedre samarbeid for dei involverte partane (aktørane) i allmennlærerutdanninga.**
- Delprosjekt (2) ”Nye samhandlingsstrukturar i og mellom barnehageeigarar og HVO gjennom kompetanseutvikling og fokus på øvingsopplæringa” skal bygge vidare på kulturen for samhandling, slik den vert systematisert og vidareutvikla. Arenaer der drøfting av felles utfordringar skal verte gjort mulig gjennom nye måtar og i meir systematiserte system som også sikrar aktørane sin medverknad. **Dette delprosjektet har som effektmål å fremme haldninga til profesjonsutdanning der praksisopplæringa er av vesentlig betydning, og må bli sett på som ein likeverdige læringsarena med undervisningsarenaen.** For å oppnå dette må vi vidareutvikle dei felles styringsdokumenta for høgskulen og barnehageeigarane; det ein kallar praksisplanar. Her vert innhaldet i og progresjonen i og rammene for studenten sine praksisperiodar

nedfelt. I bachelorgraden som førskulelæruddanninga er definert som, er det til saman 20 veker praksis fordelt over tre år for heiltids- og 4 år for deltidsstudentane.

Styringsmodellen for fase 2 i samarbeidsprosjektet

For å utvikle ein modell med utgangspunkt i utvikling av samarbeidsformer vart styringsmodellen for fase 2, med sine to delprosjekt og deltakarforum, utforma slik:



Føringar for styringsmodellen

Det vart tilsett ein prosjektleiar for å drifte fase 2, og ein utpeika ei styringsgruppe med utgangspunkt i forankring på leiarnivå i lærarutdanninga og skule-/barnehageeigar. Vidare vart modellen inndelt i to segregerte løyper med tilnærma lik organisering, men med ulikt innhald.

Delprosjekt (1):

- Allmennlærerutdanninga har frå tidlegare tider etablert *leiarforum* for samhandling mellom høgskule og praksisskular, så dette forumet vart nytta i ei vidareføring. I leiarforum stiller skuleeigar, skuleleiarar på praksisskular, studiesjefen for allmennlærerutdanninga og prosjektleiaren for prosjektet. Dekan og prorektor er ikkje tilstades i dette forumet utan spesiell innkalling/invitasjon.
- I *fagforum* for 1.– 3. årstrinn møter studieleiaren for allmennlærerutdanninga (Johann Wangen) dei fagtilsette som er involvert i utdanninga og øvingsopplæringa. Her har studieleiaren forum både for øvingslærarar og dei fagtilsette på det enkelte studietrinn.
- *Vurderingsgruppa* består av fagtilsette frå høgskulen som arbeider i allmennlærerutdanninga. Nemninga ”Vurderingsgruppa” kjem av at ein i denne perioden har hatt eit særskilt blikk mot utvikling/kompetanseheving på vurdering – og dei nye justeringane og ny forskning som har kome med omsyn til vurdering som fremmer læring i skulen. Gruppa har hatt eit fokus på vurdering av læring, for læring og som læring. Gruppa har hatt ein fagleg leiar (Siv M. Gamlem) som har drive fram den interne utviklingsprosessen.
- Den siste rubrikken i modellen, *Samhandling – kompetanseutvikling*, har gått ut på at vurderingsgruppa har arbeidd med utvikling av vurderingskompetanse både internt og eksternt. Samarbeidet i dette prosjektet har gått mot våre praksisskular (i tillegg fekk dei andre skulane i kommunane ta del).

Delprosjekt (2):

- Førskulelærerutdanninga ynskte å få etablert eit *leiarforum* likt det ein hadde for allmennlærerutdanninga. I leiarforum stiller barnehageeigar, barnehagestyrarar for

praksisbarnehagar, studieleiaren for førskulelærerutdanninga. Dekan, prorektor og prosjektleiar har ikkje vore tilstades i dette forumet utan spesiell innkalling/invitasjon.

- I *fagforum* for 1.–3. årstrinn møter studieleiaren for førskulelærerutdanninga (Torhild Høydalsvik) dei fagtilsette som er involverte i utdanninga og øvingsopplæringa. Her har studieleiaren forum både for øvingslærarar og dei fagtilsette på det enkelte studie-trinn.
- Den siste rubrikken i modellen, *Samhandling – kompetanseutvikling*, har gått ut på at målgruppene har arbeidd med struktur og forum, i større grad innarbeidd rutinar for korleis evaluere og vidareutvikle førskulelærerutdanninga.

Innhald og struktur i delprosjekta


Prosjektet ”Utvikling av samarbeidsformer” har i fase 2 hatt to delprosjekt ved høgskulen i Volda. Det har vore eit delprosjekt (1) for allmennlærerutdanninga og eit delprosjekt (2) for førskulelærerutdanninga. Begge delprosjekta har hatt sine særpreg ut frå behov og etablerte forum, men felles for dei har vore å utvikle samarbeidsmodellar i lærarutdanninga mellom høgskule og skule-/barnehageeigar.

Delprosjekt (1): ”Samhandling om kompetanseutvikling – elevvurdering”

Dette delprosjektet har involvert dekan, studieleiaren, fagtilsette frå allmennlærerutdanninga, praksisfeltet og skuleeigarar som deltakarar. Prosjektleiaren Siv M. Gamlem har også vore involvert som deltakar i delprosjekt (1) gjennom å vere faglig ansvarlig for ei tverrfaglig fagdidaktisk utviklingsgruppe (*vurderingsgruppa*) på høgskulen. Denne gruppa har hatt fokus på intern og ekstern kompetanseheving innan tema vurdering. Gamlem er også medlem i NELVU (nettverk for elev- og lærlingvurdering) initiert av Utdanningsdirektoratet og i tett samarbeid med prosjektet ”Bedre vurderingspraksis”. Vurderingsgruppa har bestått av 15 faglærarar og basisgrupperettleiarar frå ulike fagmiljø og ulike avdelingar som representerer allmennlærerutdanninga på høgskulen – og såleis samarbeidspart med praksisskular og øvingslærarar. Vurderingsgruppa har gjennomført internskulering/oppdatering på tema elevvurdering og arbeidd systematisk med kompetanseheving innanfor tema ”Vurdering for læring, vurdering av læring, og vurdering som læring”.

Eit tettare og bedre samarbeid mellom høgskule og praksisskular, med auka dialog og samhandling om teoriundervisning og praksisopplæring i allmennlærerutdanninga, har vore påpeika i NOKUT-evalueringa som eit forbettringspotensial (2006). I arbeid gjennom samarbeidsprosjektet si fase 2 ynskte HVO å svare på denne utfordringa gjennom å vidareutvikle etablerte samarbeidsarenaer mellom høgskule og skuleeigar, der det vart fokusert på ei auka samhandling og kompetanseutvikling for lærerutdannarar ved høgskulen og praksisskulane. Eit viktig aspekt i prosjektet har vore at den interne og eksterne kompetanseutviklinga og samarbeidet mellom høgskulen og praksisfeltet skulle få effektar for studia/studentane. Det vart såleis lagt føringar på at allmennlærerstudentane skulle få elevvurdering som ein del av oppgåvene knytt til praksisgjennomføringa, i tillegg til at studentane skulle få teoretiske og didaktiske innspel om tema elevvurdering i sine studieprogram. I tillegg skulle både dei fagtilsette i allmennlærerutdanninga ved høgskulen og praksisskular/øvinglærarar saman arbeide med kompetanseutvikling på tema.

Delprosjekt (1) har vorte gjennomført etter prinsipp for aksjonslæring (Bjørnsrud, 2005; Tiller, 1999), og har vorte gjennomført etter denne modellen (organiseringa):



Arbeid etter ein slik utviklingsmodell er også framheva av *Assessment Reform Group* som sentral/effektiv for skuleutvikling – kompetanseheving på tema elevvurdering (Gardner, Harlen, Hayward, & Stobart, 2008). Ein del forskning/litteratur påpeikar også at dersom ein skal lukkast i eit utviklingsarbeid, vert leiinga og forankring sentrale (Andreassen & Gamlem, 2009; Berg, 1999; Roald & Øydvinn, 2006).

Delprosjekt (2): ”Nye samhandlingsstrukturar i og mellom barnehageeigarar og HVO gjennom kompetanseutvikling og fokus på øvingsopplæringa”

Dette delprosjektet er i oppbygning mykje likt delprosjekt (1). Delprosjekt (2) skal bygge vidare på kulturen for samhandling slik at denne vert systematisert og vidareutvikla. Arenaer der drøfting av felles utfordringar skal verte gjort mulig gjennom nye måtar og i meir systematiserte system som også sikrar aktørane sin medverknad. Prosjektet har som effekt mål å fremme holdninga til profesjonsutdanning der praksisopplæringa er av vesentlig betydning, og må bli sett på som ein likeverdig læringsarena med undervisningsarenaen. For å oppnå dette må ein vidareutvikle dei felles styringsdokumenta for høgskulen og barnehageeigarar, det vi kallar Praksisplanar. Her vert innhaldet i og progresjonen i og rammene for studentane sine praksisperiodar nedfelt. I bachelorgraden som førskulelærerutdanning er definert som, er det til saman 20 veker praksis fordelt over tre år for heiltids- og fire år for deltidsstudentane.

Delprosjekt (2) har førskulelærerutdanninga, praksisfeltet og barnehageeigarar som deltakarar. Gjennom to resultatlaup vil dette delprosjektet fokusere på auka kompetanse, auka samhandling og vidareutvikling av styringsdokument som gjer implementering og varigheit/kontinuitet mulig. Gjennom leiarforum bygg vi no ein organisasjon med eit samhandlingsforum for faglærarar, barnehageeigarar og administrasjon som muliggjer overorganisatorisk leiing av førskulelærerutdanninga som gir synergieffekt til både barnehageeigar, praksisbarnehagane, studentar og tilsette ved høgskulen.

I resultatlaup 1 vil ein gjennom delprosjektet bygge arenaer for auka samhandling og kompetansebygging for praksisbarnehagane og faglærarane ved HVO knytt til barnehagen si kunnskapsbase og fagdidaktikk, og høgskulen sin bruk av den didaktiske relasjonsmodell (Bjørndal & Lieberg, 1978).

Resultatlaup 2 i delprosjektet har som mål å vidareutvikle felles styringsdokument for dei tre trinna i begge studieplanane. Det er ynskjeleg at alle sju dokumenta kalla ”Praksisplanar” for kvart trinn i dei to programma vert felles dokument for styring og kvalitetssikring av utdanninga og fører til likeverdig samhandling mellom aktørane.

Deltakande institusjonar i prosjektet

Prosjektet har involvert samarbeidspartar i lærarutdanninga. Forankring på skuleeigarnivå har vore sentralt i prosjektet.

I delprosjekt (1) har høgskulen gjennomført prosjektet i samhandling på alle nivå i forhold til våre praksisskular (skuleeigar, skuleleiar, øvingslærarar). Høgskulen har gjennomført dette delprosjektet i samarbeid med Ørsta og Volda kommune og involvert alle skulane i desse to kommunane, og ikkje berre praksisskulane. Til saman har det såleis vore involvert 20 grunnskular og to opplæringscenter.

Desse har vore:

| Ørsta kommune | Volda kommune |
|------------------------|-------------------------------------|
| Ørsta ungdomsskule | Volda ungdomsskule |
| Hovden skule | Øyra skule |
| Vikemarka skule | Bratteberg skule |
| Sæbø skule | Folkestad skule |
| Velle skule | Austefjord skule |
| Vartdal skule | Vikebygd skule |
| Barstadvik skule | Lid skule |
| Lystad skule | Mork skule |
| Dalane skule | Dalsfjord skule |
| Bjørke skule | Ulvestad skule |
| Ørsta opplæringscenter | Opplæringscenteret, vaksenopplæring |

I delprosjekt (2) har førskulelærerutdanninga, praksisfeltet og barnehageeigarar vore deltakarar. Representantar frå barnehageeigar som sit i leiarforum/prosjektgruppa har vore valt i dei respektive øvingslærarmøta for årsstega. Dette er barnehagestyrarar frå Hareid og Ålesund (ein privat og ein kommunal barnehage). Prosjektgruppa har fem representantar. Desse fem er studieleiar for førskulelærerutdanninga, ein seniorkonsulent i førskulelærer-

utdanninga og tre barnehagestyrarar/eigarar. Prosjektgruppa vert nytta i årssteg og har også ei aktiv rolle i NOKUT evalueringa (pågåande).

Kartlegging og analyse

I denne delen ynskjer vi å seie noko om kva erfaringar, opplevingar og resultat prosjektet ”Utvikling av samarbeidsformer mellom lærarutdanning og skule-/barnehageeigar” har gitt for fase 2.

Relasjonar mellom ulike læringsarenaer og praksisfellesskap i lærarutdanningane har vore i fokus i den delen av fase 2 som no er avslutta. Utviklingsarbeidet har hatt både eit forskande og kunnskapsutviklande siktemål, og eit mål om å utvikle samhandling og struktur hos aktørar ved HVO og hos skuleeigar.

Det har vore avgjerande for prosessen og resultatet at skuleeigarane (kommunane) og skuleleiarane har vore med i prosjektet. Vurderingsgruppa ved Høgskulen i Volda har hatt rolla som prosessleiarar og faglege rettleiarar (delprosjekt 1).

Organiseringa (modellen) ser ut til å ha gitt god forankring både hjå skule- og barnehageeigar og i høgskulen. Organiseringa har vore føremålstenleg, og vil difor vidareførast som før. Men det nye er at det har vorte etablert ei utviklingsgruppe, som vert bindeledd i arbeidet knytt til arbeid med ny lærarutdanning, særleg når det gjeld praksiopplæring, hospitering og kompetanseutvikling. Utforming av partnerskapsavtalar og innhald i profesjonsutdanninga vil vere sentralt i ei vidareføring av fase 2.

Delprosjekt (1)

Gjennom prosjektet har det vorte prøvd ut ein samhandlingsmodell for kompetanseutvikling for aktørar som er involverte i allmennlærerutdanninga, der vi har gjennomført fellessamlingar og nettverkssamlingar for praksisfeltet (og dei resterande skulane i dei to kommunane). I tillegg har høgskulen gjennomført internseminar og møter med utgangspunkt i kompetanseutvikling på området elevvurdering. *Vurderingsgruppa* ved høgskulen har vore ei fagdidaktisk utviklingsgruppe som har arbeidd med å auke eigen kompetanse på tema og vore prosessrettleiarar for praksisskular. I dette arbeidet har vurderingsgruppa gitt faglige innspel (teori og empiri) med utgangspunkt i å utvikle praksis og skulane sin vurderingskultur ut frå

etablert praksis. Dei fagtilsette i lærarutdanninga har også kunne utvikle eiga kompetanse og forståing gjennom å samarbeide med grunnskulane.

I samarbeidsprosjektet har skuleleiarane hatt ei viktig rolle i å leie prosessen på sin skule i samarbeid med høgskulen – i tillegg til å drive fram utviklingsarbeidet på eigen skule mellom samlingane. På denne måten kunne også skuleleiarane sitt ansvar i forhold til praksisopp- læringa og samhandling med høgskulen synleggjerast, då vi hadde merka oss at øvingslærarar i kartlegginga frå prosjektets fase 1 hadde kome med innspel til at dei ikkje såg korleis skuleleiarane vart sentrale i eit samarbeid om øvingsopplæringa (Aarflot & Bergem, 2008).

I årets prosjekt har praksisskulane og fagtilsette ved høgskulen tatt tak i eigen vurderings- praksis/vurderingskultur og utvikla denne i samhandling med kvarandre. Fagdidaktikarar ved høgskulen har vore prosessrettleiarar for praksisskular i deira arbeid med å videreutvikle skulen sitt arbeid med elevvurdering. Dei fagtilsette ved høgskulen har også kunne få med seg erfaringar og praktiske døme tilbake til høgskulen som vil kunne kome studentane og undervisninga i allmennlærerutdanninga (og PPU) til gode.

Skuleeigarane og skuleleiarane har vore med i planlegginga og gjennomføringa av utviklings- arbeidet saman med høgskulen, og gjennom samhandling og dialog har det vore lagt til rette for at arbeidet kunne gjennomførast på den enkelte skule, og i nettverk av skular. Vidare har det vore lagt vekt på å halde ein tett og god dialog for å sikre at kompetanseutviklingstiltaka har vorte utført ut fra definerte behov hjå dei samarbeidande aktørane.

Gjennom ei spørjeundersøking (anonym) fekk vi inn data på korleis samarbeidsmodellen hadde vorte opplevd for deltakarar i prosjektet. Spørjeskjema vart delt ut til dei ulike informantgruppene, og med grunnlag i dette sat vi att med desse informantane: skuleleiarar (N=20), lærarane i Ørsta og Volda kommune (N=186) og dei fagtilsette som har vore involverte i allmennlærerutdanninga ved høgskulen dette studieåret (N=25). Svarprosenten ligg på godt over 80% hjå skuleleiarane og lærarane i grunnskulen, noko som gir grunnlag for å tru at resultata kan vere valide ut frå dei involverte aktørane. Svarprosenten frå dei fagtilsette på høgskulen er om lag 60%, noko som gir lågare grunnlag for å kunne stadfeste resultat.

Vi delte ut/sende ut spørjeskjema til dei ulike aktørane som hadde delteke i prosjektet, der det vart utforma påstandar for å få svar på deltakarane si oppleving av korleis modellen for samhandling om kompetanseutvikling egna seg i samarbeidsprosjektet, og korleis deltakarane hadde opplevd eiga og skulen si kompetanseheving på tema elevvurdering (sjå vedlegg).

Vidare presenterer vi resultat frå spørjeundersøkinga av dei ulike informantgruppene:


Skuleeigar – skuleleiarar

Til skuleeigarane har vi ikkje sendt ut spørjeskjema, men gjennom tilbakemeldingar har desse gitt uttrykk for at samarbeidet har vore nyttig for det arbeidet høgskulen og skuleeigar saman skal gjere for å skape ei best mulig lærarutdanning/praksisarena.

Skuleleiarane har fått utdelt spørjeskjema på oppsummeringssamling for prosjektet. Ikkje alle skuleleiarane har svart på spørjeskjema. Informantgruppa som har svara er til dels lita (N=20), men likevel kan svara indikere korleis modellen – samarbeidsprosjektet har fungert ut frå dette prosjektet (avgrensa utval) då svarprosenten er forholdsvis høg (80 %).

Når vi stilte spørsmål om samarbeidet mellom HVO og praksisskulen har vorte styrka gjennom prosjektet, var to skuleleiar delvis ueinige, medan 16 var heilt einige eller delvis einige. To av informantane svara blankt, då dei ikkje var praksisskular. (Sjå figur 1)


Skuleleiarane i prosjektet gav tilbakemelding gjennom spørjeskjema i kva grad dei har opplevd at samarbeidsmodellen eignar seg som samarbeidsform med utgangspunkt i samarbeid om kompetanseheving og samhandling. Alle informantane svara her positivt på at modellen eignar seg som samarbeidsform for samhandling og kompetanseheving. 11 svara at dei var heilt einige, og 9 av dei var delvis einige. Dette kan ein også sjå av figur 1 nedanfor.



Figur 1. Skuleleiarane i prosjektet uttalar seg om samarbeidet og samarbeidsmodellen (figur viser antal informantar).

Vi ynskte også å vite om skuleleiarane hadde opplevd samarbeidsmodellen som positiv med tanke på å utvikle samhandling/samarbeid om praksisopplæringa (øvingsopplæringa). Vi utforma såleis følgjande påstand: ”Som skuleleiar har eg opplevd samarbeidsmodellen som positiv med tanke på å utvikle samhandling/samarbeid om øvingsopplæringa”. 11 av skuleleiarane svarta dei var heilt einige, 6 svarta at dei var delvis einige, medan ein skuleleiar svarta delvis ueinig. 2 skuleleiarar svarta blankt (desse hadde kryssa av at dei ikkje var praksisskule).

Sidan prosjektet hadde hatt element om kompetanseheving i seg ynskja vi å vite noko om skuleleiarane si oppleving av kompetanseheving gjennom det arbeidet som var gjennomført. Figur 2 under viser kva skuleleiarane i Ørsta og Volda svarta på dette:



Figur 2: Skuleleiarane i Ørsta og Volda si utsegn om kompetanseheving (figur viser antal informantar).

Stort sett ser ein av figur 2 at skuleleiarane har opplevd at kompetansen har auka på elevvurdering gjennom prosjektet. I datagrunnlaget ser vi ein liten tendens til at skuleleiarane opplever at dei i større grad har auka sin eigen kompetanse på tema elevvurdering enn det lærarane har. Men vi må presisere at utvalet er så lite at det ikkje kan slåast fast om dette vil vere ein tendens i eit slikt arbeid.

På spørjeskjema bad vi også om å få vite noko om kva som hadde vorte styrka i samarbeidet mellom høgskulen og skulane i prosjektet. Fleire av informantane svara på dette, og her er nokre av momenta som kom fram frå skuleleiarane:

- Større fokus på skulen si rolle som lærarutdanningsinstitusjon, også for lærarar som ikkje er øvingslærar, har endra haldninga hos mange.
- Viktig at alle i periodar arbeider med dei same utviklingsområda. Dette gjev ein samla ståstad, og det er viktig at eit sentralt område i skulearbeidet som elevvurdering kjem inn i både teorien og praksisen i lærarutdanninga.
- Øvingsskulen har hatt ein ”pisk” til å få arbeidet gjort.
- Alle lærarane, også dei som ikkje er øvingslærarar, har vorte dregne med, ”fått” del i høgskulen sin kompetanse. Dette kan på sikt gjere det lettare å få fleire øvingslærarar.
- Arbeidet har medført ei styrka vi – gruppekjensle.
- Gjennom eit slikt prosjekt får ein langt på veg eit felles språk/ordforråd/omgrepsapparat, og det styrkjer også den faglege samkjensla.


Lærarar i grunnskulane

Informantgruppa for lærarar i grunnskulen er på 186 lærarar. 101 lærarar frå Ørsta har svara på spørjeskjema og 85 frå Volda, såleis er svarprosenten noko lågare i Volda enn i Ørsta. Spørjeskjema vart utdelt på oppsummeringssamlingane, slik at dei lærarane som ved ein aller annan grunn var forhindra til å møte på denne, ikkje har tatt del i spørjeundersøkinga.

I sluttarbeidet har prosjektleiar gjort analyser som går på ei samla informantgruppe (N=186) og på eventuelle skilnadar mellom dei to kommunane som har delteke (Ørsta og Volda) og mellom øvingslærarar versus andre lærarar for å sjå om der er skilnadar i deira oppleving

gjennom deltaking i prosjektet. Gjennom analyser ser ein at deltakarane frå dei ulike kommunane svarar noko ulikt med omsyn til i kva grad dei har opplevd prosjektet og samhandlinga positivt. Lærarane frå Ørsta kommune ser ut til å ha opplevd prosjektet som meir utbytterikt i forhold til å auke eigen kompetanse enn deltakarane frå skulane i Volda. Kva som ligg til grunn for dette veit vi ikkje, men begge kommunane har hatt dei same opplegga, nytta same organisering og møtt dei same fagpersonane frå høgskulen.

Resultat frå lærarane sine synspunkt i dei ulike kommunane vert viste i figur 3 nedanfor:




Figur 3. Lærarane si oppleving av eigen auke i kompetanse Ørsta og Volda.

Lærarane frå Ørsta og Volda har i spørjeundersøkinga gitt tilbakemelding om i kva grad dei har opplevd at samarbeidsmodellen eignar seg som samarbeidsform med utgangspunkt i samarbeid om kompetanseheving og samhandling. Her er det også ein skilnad mellom informantane frå Ørsta og Volda, der lærarane frå Ørsta i større grad svarar at dei ser på denne modellen som eigna som samarbeidsform for samhandling og kompetanseheving. Men dersom vi ser på alle lærarane i begge kommunane som samla gruppe og kva dei meiner om følgjande påstand: ”Samarbeidsmodellen eignar seg som samarbeidsform for samhandling og kompetanseheving”, svarar 26 % av lærarane at dei er heilt einige i påstand, 57 % av dei er delvis einige, 12 % at dei er delvis ueinige og 3 % at dei er heilt ueinige. 1 % svarar ikkje på denne påstanden (blankt). Samla sett kan ein då seie at modellen ser ut til å kunne fungere til samhandling og kompetanseheving.

Sidan prosjektet i fase 2 har hatt to modellar til å utvikle samarbeidsformer – ein for samhandling og ein for kompetanseutvikling – kan ein kanskje stille spørsmål i kva grad

lærarane har vore bevisste på desse to modellane. Men lærarane har prøvd ut modellen for kompetanseutvikling gjennom utviklingsarbeidet med elevvurdering, så ein må kunne tru at lærarane refererer til denne i deira svar.

Når vi stilte spørsmål om samarbeidet mellom HVO og praksisskulen har vorte styrka gjennom prosjektet, var det forholdsvis stor skilnad mellom svara som lærarar i dei to kommunane gav. Det gjer at vi vel å presentere dei kvar for seg. Vi utforma påstanden slik: ”Samarbeidet mellom HVO og praksiskule har vorte styrka gjennom samarbeidsprosjektet”. I Ørsta kommune svara 20 % av lærarane at dei var heilt einige, 72% delvis einige i at samarbeidet mellom HVO og praksisskule har vorte styrka, medan 8 % svara delvis ueinig. I Volda kommune svara 8,5 % av lærarane at dei var heilt einige i påstanden, 46 % delvis einige, 29 % delvis ueinige og 11,5 % heilt ueinige. 5 % av lærarane i Volda svara ikkje på påstanden, og desse er markerte i kategorien blank. Resultatet frå svara i Ørsta og Volda vert synte i figur 4:



Figur 4. Samarbeidet mellom HVO og praksiskule har vorte styrka

På spørjeskjema bad vi også om å få vite noko om kva som hadde vorte styrka i samarbeidet om lærarutdanning mellom høgskulen og skulane i prosjektet. Fleire av informantane svara på dette, og her er nokre av momenta som kom fram:

- HVO får høve til å kome rundt i skulane og sjå kva som er praksis. Dette kan dei igjen knytte til undervisninga si ved høgskulen.

- Heile skulen får forelesing/innspel frå HVO, og det er lettare å endre praksis når ein har same utgangspunkt.
- Kunnskap som HVO har på dette feltet har kome praksisskulen til gode.
- Det har blitt klarlagt og bekrefta område som det er viktig å fokusere på.
- Det positive har vore at heile lærarstaben ved praksisskulen får innblikk i og glede av kompetansen til HVO – dette har vore samlande for skulen vår.
- Kjensle av at det er fordelar (i tillegg til alt arbeidet) å vere praksisskule.
- Berre det at vi har vorte betre kjend med kvarandre har vore ei styrke.
- Ei styrke med fokus på fagleg utveksling.
- Det at nokon styrer og tek initiativ til satsingsområdet vurdering.
- Tilbakemeldingane skulen har fått frå HVO – bra!
- Solide innlegg frå HVO, oppstartsforedrag i haust v/Siv M. Gamlem.
- Vi får meir kunnskap om det grunnleggande i teorien om vurdering.
- Viktig at HVO som skal utdanne lærarar viser interesse for praksisskulane sitt arbeid.
- At både leiarane og vi lærarane er med - at vi alle har saman fokusert på vurdering.
- Eg har fått konkrete og enkle tips som kan endre min praksis til det betre.
- Samarbeidet med høgskulen har vore læringsfremjande og utbytterikt.
- Eg kjenner personane på HVO betre.
- Viktig at HVO er ”påkobla” grunnskulen og korleis kvardagen vår er.
- Tilsette ved HVO har fått større innblikk i vårt arbeid.
- At ein får samanlikne sine eigne prosessar med andre sine – dele og lære.

- Bevisstgjerjing om aktuelle mål for vidareutvikling som vi som lærarar bør vere ein del av.

Fagtilsette ved høgskulen

For dei fagtilsette ved høgskulen vart det sendt ut spørjeskjema som skulle besvarast anonymt og leverast i posthulle til prosjektleiaren. Dei tilsette ved HVO som enten hadde vore faglærar, basisgrupperettleiar for studentar ved 1AU¹, 2AU eller 3AU og/eller medlem av vurderingsgruppa, fekk tilsendt spørjeskjemaet. Antal informantar vart då N=43. Ut av desse var det 25 som svara på spørjeskjemaet, altså ein svarprosent på om lag 60 %.

På høgskulen har ein hatt eit forum for utvikling av kompetanse på elevvurdering som del av Samarbeidsprosjektet. Dette har vore lagt til *vurderingsgruppa* som har hatt opp til 15 deltakarar frå tre ulike avdelingar på det meste. Vurderingsgruppa har hatt representantar frå ulike fagmiljø/institutt (norsk, matematikk, samfunnsfag, kunst og handverk, engelsk, pedagogikk, religion, etikk og livssyn, og IKT).


Dei fagtilsette frå høgskulen har i spørjeundersøkinga gitt tilbakemelding om korleis dei er involverte i arbeid inn mot allmennlærerutdanninga for 1AU, 2AU og 3AU. Ut frå dei fagtilsette som har svara (N=25), finn vi at desse er involverte på desse områda: 19 er faglærarar, 8 er deltakarar i vurderingsgruppa og 11 har basisgruppeansvar for studieåret 2008/2009.

Vi spurde dei fagtilsette om kva dei hadde tatt del i gjennom samarbeidsprosjektet. Heile 12 av dei fagtilsette svara at dei ikkje hadde delteke i noko relatert til elevvurdering/samarbeidsprosjektet. Desse 12 hadde heller ikkje noko grunnlag for å svare på korleis dei hadde opplevd samarbeidet og i kva grad dei hadde opplevd ei kompetanseheving på tema elevvurdering. Såleis sit vi att med ei informantgruppe på 13 i datamaterialet som har kome med innspel på modellen for samhandling og kompetanseheving, noko som gjer resultata sårbarare. Vi gjer difor merksam på at resultata vi viser til er ein indikator, men ikkje kan seiast å vere valide i forhold til analyse av prosjektet/modellen.

¹ AU står for allmennlærerutdanning

I kva grad dei fagtilsette ved høgskulen har opplevd at samarbeidet mellom høgskulen og praksisskule har vorte styrka gjennom prosjektet, er sentralt å vite noko om. Vi hadde ei informantgruppe på 13 fagtilsette, og av desse svara 6 fagtilsette at dei er heilt einige i at samarbeidet har vorte styrka, og 7 svarar at det ei delvis einige i dette (sjå figur 5 under).


Vi ynskte også å vite noko om samarbeidsmodellen eignar seg som samarbeidsform med utgangspunkt i samarbeid om kompetanseheving og samhandling. Såleis kom vi med følgjande påstand til informantgruppa: ”Samarbeidsmodellen eignar seg som samarbeidsform for samhandling og kompetanseheving”. Her svara 7 av dei fagtilsette at dei er heilt einige i påstanden, og 6 at dei er delvis einige.



Figur 5. Faglærarar (HVO) si utsegn om samarbeidet med praksisskule og samarbeidsmodellen (figur viser antal informantar).

Når det gjeld kompetanseheving på tema elevvurdering for dei fagtilsette som har vore involverte i arbeid i lærarutdanninga, svarar 8 at dei er einige i at deira eigen kompetanse på elevvurdering har auka gjennom prosjektet, medan 5 svarar at dei er delvis einige i dette.

Vi ynskte også å vite noko om kva våre faglærarar meinte om påstanden: ”Arbeidet med elevvurdering har auka praksisskular sin kompetanse på elevvurdering”. Her svarar 7 at dei er heilt einige, medan 6 svarar at dei er delvis einige i påstanden (sjå figur 6).



Figur 6. Auke av kompetanse – eigen og praksisskulens (figur viser antal informantar).

På spørjeskjema bad vi også om å få vite noko om kva som eventuelt hadde vorte styrka i samarbeidsprosjektet mellom høgskulen (allmennlærerutdanninga) og skulane/skuleeigar i prosjektet. Nokre av dei fagtilsette gav innspel på dette:

- Har vorte betre kjend med lærarane – og det at vi har hatt eit felles fokus har styrka samarbeidet.
- Basisgrupperettleiarar og lærarar kjem ”tettare på” kvarandre.
- Vi på høgskulen lærer meir om korleis lærarane arbeider og korleis skulane fungerer.
- Visste for lite om skulane før vi sette i gang, men meiner alle har heva kompetansen sin på elevvurdering.
- Alliansar vert bygd for seinare samarbeid. Kan gjerne vere FoU-arbeid.
- Gjennom dette arbeidet har HVO kome ”nærare” inn på skulekvardagen, og det var nok på mange måtar ”sunt” – og for praksisskulane har det vore gjensidig; dei har fått eit innblikk i vår kvardag.
- Det å vite kven dei einskilde lærarane er, kan vere eit godt utgangspunkt for vidare samarbeid.
- Samarbeidet har fremma kontakten mellom høgskulen og praksisskular – dette er ein styrke for vidare samarbeid.

- Det verkar som ein del skular har sett kva dei kan bruke Høgskulen til, og at dei står att med eit positivt inntrykk av oss.

Gjennom vurderingar/analysar ser vi at arbeidet med elevvurdering/samarbeidsprosjektet ikkje har nådd fram til alle fagtilsette i allmennlærerutdanninga på høgskulen. Det har primært vore vurderingsgruppa som har delteke i dette arbeidet. Deltaking i vurderingsgruppa har vore ope for alle, men då det er mange ulike fokusområde/tema som skal dekkast i ei lærerutdanning, forstår vi at ikkje alle kan ta del i ei slik utviklingsgruppe og prioritere den tidsressursen det krev. For å gi flest mulig av dei fagtilsette mulighet til ei kompetanseheving på tema elevvurdering vart dei fagtilsette inviterte til oppstartssamlingar og oppsummeringsamlingar for grunnskulane om elevvurdering. Vi veit at nokre fleire fagtilsette enn dei frå vurderingsgruppa møtte på desse samlingane.

Studieleiaren for allmennlærerutdanninga (Johann Wangen) har også vist til samarbeidsprosjektet/arbeid med elevvurdering i dei tre årstynnsforuma vi har etablert i styringsmodellen for samarbeidsprosjektet (sjå s. 8). Såleis vil vi tru at fleire enn dei som har svart på spørjeskjema, kjenner til arbeidet.

Studentane i allmennlærerutdanninga møter i studia ulike fagtilsette, og det er grunn til å tru at dei fleste studentane i allmennlærerutdanninga har fått naudsynte innspel på tema elevvurdering ut frå det behovet som profesjonsutdanninga gir.

Delprosjekt (2)

I delprosjekt (2) meiner ein å sjå konturen av ei anna organisering som skal sikre kompetanseheving og auka samhandling.

Under rapportskrivinga vert modellen for samhandling framleis utprøvd, og noko av gjennomføringa vert gjort i juni 2009 for å evaluere og prøve ut modellen i planlegginga av eit nytt studieår.

Utgangspunktet i det vidare arbeidet vil mellom anna vere å ta tak i sentrale område slik dei vil gå fram av *Kvalitetsmeldinga* (Kvalitet i barnehagen) som kjem i løpet av mai/juni 2009.

I samband med utvikling av ”arbeidsplassbasert førskulelærerutdanning” får det med samarbeidsperspektiv og dialog med barnehageeigar i Møre og Romsdal eit anna samhandlings-

mønster på grunn av partnerskap, noko som vil kunne gjere den nye modellen vi prøver ut for samhandling føremålsteneleg.

Utgangspunkt for vidare arbeid – fase 3

Utviklingsarbeidet har hatt både eit forskande og kunnskapsutviklande siktemål, og eit mål om å utvikle samhandling og struktur hos aktørar ved HVO og hos skule-/barnehageeigar.

Det har vore avgjerande for prosessen og resultatet i dei to delprosjekta at skule-/barnehageeigarane og skuleleiarane/barnehagestyrarane har vore med i prosjekta. Vurderingsgruppa ved Høgskulen i Volda har også hatt ei sentral rolle som prosessleiarar og faglege rettleiarar, der ein har fått etablert ei tverrfagleg gruppe i lærarutdanninga som har prøvd ut ein samarbeidsmodell på kompetanseheving (delprosjekt 1).

Organiseringane av delprosjekta har gitt god forankring både hos skule- og barnehageeigar og i høgskulen. Organiseringane ser ut til å ha vore føremålstenleg og vil difor vidareførast som før, men vi ser at forankringa innad i høgskulen med å involvere våre fagtilsette i høve Samarbeidsprosjektet har eit forbettringspotensial.

Det nye for Samarbeidsprosjektet (fase 2) er at det har vorte etablert ei utviklingsgruppe og ein modell for samhandling om kompetanseutvikling (delprosjekt 1) og at ein prøver ut eit forum for samhandling som då vert likt for begge lærarutdanningane (delprosjekt 2).

I ei forlenging av dette prosjektet (fase 3) ser vi at ei slik utviklingsgruppe og ein slik modell for samhandling kan nyttast og organiserast til å koordinere arbeidet knytt til arbeid med ny lærarutdanning, særleg når det gjeld praksisopplæring, hospitering og kompetanseutvikling.

Vi forventar at ei vidareføring av utviklingsarbeidet i 2009–2010 vil føre til endå betre samarbeid mellom skule- og barnehageeigar og lærarutdanningane ved HVO, og til at samarbeidet vil femne breitt. Resultatet skal gje betre lærarutdanning, som i større grad legg vekt på at lærarutdanning er eit samarbeid mellom høgskulen, skule-/barnehageeigarar og skulane/barnehagane.

Utgangspunktet i eit slikt arbeid vil mellom anna vere å ta tak i ny lærarutdanning og sentrale område slik dei går fram av stortingsmeldinga (St.meld.nr.11, 2008/2009) og *Kvalitetsmeldinga* (Kvalitet i barnehagen) som kjem i løpet av mai/juni 2009.

I samband med utvikling av eventuelle nye praksismodellar i allmennlærerutdanninga og ”arbeidsplassbasert førskulelærerutdanning” får dette med samarbeidsperspektiv og dialog med skule-og barnehageeigar i Møre og Romsdal eit utvida samhandlingsmønster på grunn av ny organisering og partnerskap.

Høgskulen sende i mai 2009 inn søknad til Utdanningsdirektoratet om å få tildelt ressursar frå Samarbeidsprosjektet til gjennomføring av ei fase 3 for studieåret 2009/2010.

Budsjett

Budsjettet for fase 2 har vorte noko justert ut frå det opphavlege etter som innhaldet og organisering av prosjektet har vorte endra noko ut frå det utgangspunktet ein ved høgskulen søkte om for fase 2, i tillegg til at vi fekk noko mindre ressurs enn vi hadde søkt om.

Prosjektet har vore gjennomført i Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning.

Ørsta og Volda kommune ynskja å delta i kompetanseutvikling om elevvurdering for alle sine skular/lærarar og ikkje berre øvingsskulane, såleis gjekk ein inn på ein avtale om at desse to kommunane skulle finansiere noko av desse ekstra kostnadane. Dette kjem fram i budsjettet under.

Dei endelege rekneskapstala føreligg ikkje fullstendig enno, men vil ikkje avvike vesentleg frå det oppsette budsjettet :

| Aktivitetar | Eigne midlar | Eksterne midlar (Ut.dir.) | Ørsta/Volda kommune |
|----------------------------------------------------------|---------------------|--------------------------------------|--------------------------------|
| Prosjektleiing | 50.000 | 50.000 | |
| Administrative utgifter | 20.000 | 20.000 | |
| Drift fagforum – ALU og FLU Møter – ekstern deltaking | 85.000 | 85.000 | |
| Konferansar | 20.000 | 20.000 | |
| Kompetansehevingstiltak | 25.000 | 100.000 | |
| Rapportering | 20.000 | 25.000 | |
| Ørsta kommune | | | 50.000 |
| Volda kommune | | | 50.000 |
| TOTAL | 220.000 | 300.000 | 100.000 |

Referansar

- Aarflot, U., & Bergem, R. (2008). *Samarbeidsformer mellom Høgskulen i Volda og skule- og barnehageeigarar. Arbeidsrapport nr.215*. Volda: Møreforskning Volda/Høgskulen i Volda.
- Andreassen, R.-A., & Gamlem, S. M. (2009). Arbeid med elevvurdering som utvikling av skolens læringskultur. (kp.6). I: S. Dobson, K. Smith & A. Eggen (red.), *Vurdering, prinsipper og praksis. Nye perspektiver på elev- og lærlingsvurdering*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Berg, G. (1999). *Skolekultur. Nøkkelen til skolens utvikling*. Oslo: Ad. Notam Gyldendal.
- Bjørndal, B., & Lieberg, S. (1978). *Nye veier i didaktikken? : en innføring i didaktiske emner og begreper*. Oslo: Aschehoug.
- Bjørnsrud, H. (2005). *Rom for aksjonslæring: om tilpasset opplæring, inkludering og læreplanarbeid*. Oslo: Gyldendal akademiske.
- Gardner, J., Harlen, W., Hayward, L., & Stobart, G. (2008). *Changing Assessment Practice. Process, Principles and Standards: Assessment Reform Group, 2008*
- Roald, K., & Øydvin, A. (2006). Skolevurdering for læring - korleis skape gode koplingar mellom lokale og nasjonale vurderingssystem? (s.174-204) I: H. Bjørnsrud, L. Monsen & B. Overland (red.), *Utdanning for utvikling av skolen*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- St.meld.nr.11. (2008/2009). *Læreren - rollen og utdanningen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet
- Tiller, T. (1999). *Aksjonslæring: Forskende partnerskap i skolen*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.